LINDÅS KOMMUNE
Byggesak

Aasheim V.V.S

Træland
5956 Vågseidet

| Dykkar ref. | Vår ref. | Saksbehandlar – tlf. | Arkivkode | Dato |
|---|---|---|---|---|
| | 2007/2150 - 16585/2007 | Benjamin Hicks - 56375630 | 84/32 | 10.09.2007 |

Delegert sak.

# Utsleppsløyve - Gnr. 84/32

Vi viser til søknad om utsleppsløyve, motteken 03.05.2004 og vedlagt:

- situasjonsplanar
- søknad om lokal godkjenning av føretak
- søknad om ansvarsrett
- kontrollerklæring for prosjektering
- motteken nabovarsel

**Saksutgreiing/Vurdering**
Det nye regelverket i ureiningsforskrifta tredde i kraft 1. januar 2007.
Søknad om utslepp vart sendt inn 03.05.2004. Søknaden fell dermed inn under det førre regelverket.

Etter *forskrift om utslepp for mindre avløpsanlegg, fastsett 12.04.00, og Lokal forskrift for Lindås kommune,* er det kommunen som avgjer søknader om utsleppsløyve.

Ansvarsrettar
Det er lagt fram ansvarsrettar for alle roller.

Gebyr.
SAK§23d, fastsett ein sakshandsamingsfrist for søknadssaker på 12 veker. Saka er ikkje handsama innafor fristen sitt utløp. Fristen er gått ut og kommunen sitt krav om gebyr fell bort.

**Vedtak:**

Søknaden om utsleppsløyve etter plan- og bygningslova § 93, vert godkjent i samsvar med innsende teikningar, planar og utgreiingar elles på følgjande vilkår :

1. Med heimel i *forskrift om utslepp for mindre avløpsanlegg, fastsett 12.04.00, (forurensningsforskriften), kapittel 12,* vert det gjeve utsleppsløyve.
2. Løyvet gjeld slamavskiljar med spredning i terreng (bruk av sandfilter).
3. Det må sendast inn samtykkefråsegn frå Gnr. 84/5 omgåande.

Postadresse: Kvernhusmyrane 20 5914 Isdalstø
Besøksadresse:
Telefon: 56 37 50 00
Telefaks: 56 37 50 01
Bankkonto: 7413 05 01005
Organisasjonsnr: 935 084 733
E-post: postmottak@lindas.kommune.no
Heimeside: www.lindas.kommune.no
Kartside: www.nordhordlandskart.no

4. Det må sendast inn revidert situasjonskart omgåande.
5. Arbeid kan startast opp da ~~det~~ følgjande dokument vert godkjent:
   - søknad om lokal godkjenning av foretak.
   - søknad om ansvarsrett SØK.
   - søknad om ansvarsrett PRO/KPR for VVS-arbeid.
   - søknad om ansvarsrett UTF/KUT for VVS-arbeid.
6. Tiltaket må ikkje takast i bruk før mellombels bruksløyve/ferdigattest er gjeve (pbl § 99).

Dersom det seinare vert planlagt å installera vassklosett, må det først liggja føre løyve frå kommunen, til separat utslepp eller tilknyting til felles/offentleg avløpsanlegg.

Arbeida må vera sett i gang seinast 3 år etter at løyvet er gjeve, elles fell løyvet bort. Det same gjeld dersom arbeida er innstilt i meir enn 2 år (jf. Pbl. § 96).

Godkjenningar i samsvar med Pbl §§ 93 b, 98 og 98a.
Følgjande føretak har fått godkjent ansvarsrett:

| | | |
|---|---|---|
| SØK | | Åsheim VVS AS |
| PRO/KPR | | Åsheim VVS AS |
| PRO/KPR | VVS-arbeid | Åsheim VVS AS |
| UTF/KUT | Utstikking/plassering | Åsheim VVS AS |
| UTF/KUT | VVS-arbeid | Åsheim VVS AS |

*Vedtaket kan påklagast til kommunen, jf. Lov om offentleg forvaltning.*
*Klagefristen er 3 veker rekna frå den dagen De mottok vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til etaten som har gjort vedtaket. I klagen skal det gå fram kva som vert påklaga (vedtak) og kva endringar De som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.*

Med helsing

Tor Hegle
fagleiar byggesak

Benjamin Hicks
Rådgjevar byggesak

Kopi til:
Petter Kaurel Nordnesbakken 5 5005 Bergen
- VVA, teknisk drift, her.